



Kjell Musland framfører opningsrimet.

Under utstillingsopninga hos Galleri G Guddal søndag viste treskulptøren Kjell Musland fram ei anna side ved sitt talent. Som den rimsmeden han er, framførte han opningsorda sine på rim. Det vart svært godt motteke, og vi er takksame for at vi får trykkja det i sin heilskap her på Uskedalsida:

I årevis har eg jobba med kniv og sag.
 Ja, eg vil sei eg har putla både natt og dag
 Eg kan `kje sei det har gått fort som lyne
 å lirka fram eit morsomt tryne
 Eg har stee framfor speilet og gjort meg te
 og prøvt å laga det same beint utav tre.
 Men treet er kje alle plasser eg finn
 Eg kan ikkje bruka anna enn lind
 Så lite anna har gjort meg så gla som den dagen
 så når lind bles ned i baronihagen.
 Dette er kje så einsamt som mange trur
 for plutseleg dukkar det fram ein figur.
 Og kanskje er det ein som er litt segen
 som eg har studert og følgt etter på veggen.
 Eg likar ein som liknar på styggen
 Litt høg rumpa og kort i ryggen.
 Eg vil ikkje sei det er det same
 å skjæra ut ei litt mindre fin dame.
 Etter mange år har det rett og slett
 fyllt stova og tettpakka gardinbrett.
 Så heldigvis kom Gøril ned
 og spurde om eg ville utstilla tre.
 Eg takka snart ja og tok det som ei æra
 så tenkte eg, ka i all store 'vera'.
 Koss skal det gå med ein gut i frå byggdo
 som no er komen til alderstrygdo.
 Men så tenkte eg ja-ja-ja
 Han der Pushwagen greidde no gjera da
 Problemet var berre han kom i cabriolet
 og eg kjem i ein 97 model Honda CRV

Men ser de det folkens, eg er litt fine
Har pynta meg her ved sida av Stine
Eg kan kje møta som ein fillefant
Når ein ser alt det fine ho lagar med blyant.
Så eg håpar de likar dåke saman med oss
Ein i frå bygdo og ei i frå Voss.
Og ein ting til eg håpar de gjere
likar det de ser både oppe og nere.



Artige skulpturar.

Foto og nett: Thor Inge Døssland